



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
26/028	Formannskapet	26.03.2026

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036 - høringsutkast

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vedtek Planutvalet at framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Vedlegg i saka:

20.03.2026	SAMFUNNSPLAN 2026-2036
20.03.2026	KUNNSKAPSGRUNNLAG 2026-2036
20.03.2026	Barnetråkk rapport 2025 Hyllestad skule, 5.-7.klasse
20.03.2026	Merknadsskjema - Planstrategi og program

26.03.2026 Formannskapet

Handsaming:

Samrøystes

FORM26/028 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vedtek Planutvalet at framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

Plan- og bygningslova § 11-14

KVA GJELD SAKA:

Førstegongshandsaming av kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036 (høyring og offentleg ettersyn).

SAKSUTGREIING:

Saksprosessen

- 17.10.2024: Vedtak om høyring og offentleg ettersyn av Kommunal planstrategi for 2024 - 2027 og Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2035. Dokumentet vart godkjent politisk og lagt ut på høyring i 6 veker.
- 07.11.2024: Vedtak om slutthandsaming av Kommunal planstrategi for 2024 - 2027 og Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2035. I høyringsperioden kom det inn 12 høyringsinnspel, 8 offentlege merknadar og 3 private uttalar. Høyringsinnspel

vartsummert opp og kommentert under vurdering. Alle høyringsinnspel er kommentert i eige merknadsskjema.

Kunnskapsgrunnlag

Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget til kommuneplanen sin samfunnsdel er i tråd med politisk prioriterte tema i vedteken Kommunal planstrategi for 2024 - 2027 og Planprogram forkommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2035, og nasjonale og regionale føringar.

Revisjon og endring av oppsett

Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030. Endring av kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) sitt oppsett og lengde. Mål og strategiar i gjeldande KPS (kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030) vart skilt ut i eit eige dokument og revidert i tråd med vedteken planstrategi og -program. I tillegg var det fokusert på å formulere tydlegare arealstrategi. Resten av statusskildringane vart revidert og oppdatert som ein del av eige kunnskapsgrunnlag til KPS. KPS er revidert og endra frå å vere 34 sider til no å vere 15 sider. Revidert KPS inneheld:

1. Føremål med planen (s. 3)
2. Viktige føringar og omsyn (s. 4-5)
3. Utviklig og situasjonsbiletet (s. 5-6)
4. Visjon og prioriterte tema (s. 6)
5. Mål og strategiar: Kva samfunn ynskjer vi i Hyllestad? (s.6-8)
6. Arealstrategi (s.9-10)
7. Kommuneplanprosessen og medverknad (s. 10-12)

KPS 2026-2036 sin hovuddel består av seks samfunns mål, med tilhøyrande strategiar:

Mål 1: I Hyllestad har vi levande bygder og eit tydeleg styrka kommunesenter

Mål 2: I Hyllestad er natur-, klima- og beredskapsomsyn grunnmuren for eit trygt og robust lokalsamfunn

Mål 3: I Hyllestad skapar vi tilhøyrslø og identitet gjennom kultur, fysisk aktivitet og friluftsliv

Mål 4: Hyllestad er eit inkluderande lokalsamfunn og fremjar god folkehelse for alle

Mål 5: I Hyllestad har vi trygg og framtidretta infrastruktur og tilhøyrande tenester

Mål 6: I Hyllestad stimulera vi til vekst, verdiskaping og berekraftig bruk av naturressursar

Desse er formulert i tråd med prioriterte tema vedteken Kommunal planstrategi for 2024 - 2027 og Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2035, og nasjonale og regionale føringar:

1. Sentrum- og bygdeutvikling.
2. Natur, miljø og klima.
3. Kultur, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
4. Folkehelse.
5. Infrastruktur.
6. Næring og verdiskaping.

Framlegg til ny KPS (kommuneplanen sin samfunnsdel) og kunnskapsgrunnlaget blei lagt fram for politisk handsaming i Planutvalet (formannskapet) 17.03.2026.

Der blei det gjort følgjande vedtak:

FORM26/019 Vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for å vurdere innspel og legge fram eit revidert utkast. Handsaming av utlegging på høyring vert utsett til neste møte i formannskapet.

Framlegg til ny KPS og kunnskapsgrunnlaget er no redigert ut frå innkomne innspel i Planutvalet, og vert lagt fram for ny handsaming. Endringar er markert med gul farge i dokumenta.

Alle endringar i KPS og kunnskapsgrunnlaget er lista opp under.

Kunnskapsgrunnlaget

- S7 Kulepunkt 2 Bustader og stadutvikling: Eit spreidd busetnadsmønster betyr større kostnader for kommunale tenester som bygging og vedlikehald av veg, vatn og avløp, omsorgstenester og skule- og barnehagestruktur. Kan ikkje sjå at desse punkta (med unntak av ec. Heimeteneste/omsorgstenester) er reelle og bør slettast eller omskrivast
Kommentar: Punktet skal vere ei kort oppsummering av kap. 2.4. Setninga er fjerna.
- S12 kapittel 2.4 Bustader og stadsutvikling, første avsnitt: Fjerne setningane;
 - Dette er eit resultat av tilfeldigheiter, dårleg langsiktig planlegging og intern bygdestrid. *Kommentar: Setning sletta.*
 - Kommunen lid av at det ikkje er eit tydeleg kommunesentrum. *Kommentar: Setning sletta.*
- S17 kapittel 2.5 Sosial berekraft: Folkehelse, andre avsnitt:
 - Slette denne delen av avsnittet: I Hyllestad bur folk spreidd som frå tidlegare tider var organisert i tre kyrkjelokn, noko som har sine utfordringar. Bygdene har ulik historie der fleire dialektar viser at folk i kommunen har ulike preferansar. Endringar i lokalsamfunn betyr endringar i folk sine tankesett og måtar å omgåast på. Dette tek generasjonar å endre. Mykje har endra seg i dei seinare åra, nye borgarar er komne til og det har oppstått ny strukturerande organisering som alt bidreg til endring og utvikling i kommunen. *Kommentar: Setning sletta, og avsnittet korta ned.*
- S19 kapittel 2.5.2 siste avsnitt: Vurder å fjerne eller anonymisere dette bedre (21% av 17-åringane...) *Kommentar: Informasjon og tal i avsnittet refererer til Folkehelseprofilen 2024. Fjerna at 21% av born 0-17 år om overvekt og fedme då det er likt samanlikna med landet (21%) og fylket (22%). Folkehelseprofilen vert lagt til som eit vedlegg i kunnskapsgrunnlaget.*
- S19 kapittel 2.5.3 andre kulepunkt: Er bra at det kjem fram at dette er eit problem som også fins i Hyllestad og som vi må ta på alvor, men vurder om en kan ta vekk eller anonymisere tala rundt familiar med vedvarande låg inntekt. *Kommentar: Dette refererer til oppvekstprofilen 2024 som er eit vedlegg i kunnskapgrunnlaget. Fjerna spesifikke tal om prosentdel av låginntekstfamiliar til å vere ei generell beskriving. Tal synast i vedlegget. Elles er dette kapittelet er gjort om og formulert i samråd med kommunalsjef helse og omsorg. Ungdata 2024 frå Hyllestad er òg referert til gjennom kjelde. Endra tekst er merka i gul, då det er omformulert og ikkje fjerna.*
- S19 kapittel 2.5.3 fjerde kulepunkt: Vurder om dette treng å stå. *Kommentar: Er gjort om og formulert i samråd med kommunalsjef helse og omsorg. Endra til «[Ungdata 2024](#) viser at dei unge er bekymra for framtida» og er merka i gult. Andre punkt som er fjerna er: «på andre område skil vi oss ikkje signifikant frå landsnivået» og «Hyllestad er signifikant forskjellige frå landsnivået når det gjeld born 0-17 år». Meir info kan lesast sjølv i Oppvekstprofilen 2024, lagt til som eit vedlegg i kunnskapsgrunnlaget.*
- Endre Tersan Havyard til Skipsverftet i Leirvik. *Kommentar: Gjort endringar i kunnskapsgrunnlaget og KPS. Merka i gult i KPS.*

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS)

- S8 Mål 4 Strategiar, feil nummerering. Legge til punkt F; Grendalag og andre orgnisasjonar er viktige partnarar i arbeidet for å sikre god medvirkning. *Kommentar: omformulert til «Vi legg til rette for medverknad og inkludering ved å bruke etablerte råd, utval, lag og foreiningar systematisk i planlegginga, samt løfte fram brukarmedverknad i tenester og møteplassar.»*
- S10 nytt punkt 6.3, pkt1. nytt kulepunkt fire:
 - Erfaring viser at mange ynskjer å bygge hus på eller nær område dei vaks opp. Kommunen ynsker slik utbygging velkommen, men utbyggjar må då vere bydd på at det kan vere avgrensa kommunal infrastruktur. *Kommentar: 1. kulepunkt 3: Endra punkt: "Vurdere LNF-spreidd der dette er naturleg" til "Kommunen skal gjennom bruk av LNF-spreidd bygging, føresegn og retningslinjer, ta heile kommunen i bruk."*

- 6.3. kulepunkt3 slette siste setning (trenger ikkje legge opp til strengare praksis enn strengt tatt nødvendig) *Kommentar: Fjerna siste setning "Det skal leggjast stor vekt på samfunnstryggleik i nye og eksisterande byggeområder."*
- 7.4 omskriving omtale av ressursbruk. *Kommentar: Tatt vekk setninga «Med avgrensa ressursar og kompetanse på området, har arbeidet dradd ut i tid, for å kunne sikre gode prosessar.»*
- Mål 5, strategi 1) Vi legg til rette for utbetring av vegnettet der **effekten er størst** ved å ha ein oppdatert plan for trafikktryggleik og vedlikehald ([Plan for trafikktryggleik og vegvedlikehald](#) vedteken 2025). Tilbakemelding: kva meinast med «effekten er størst»? *Kommentar: Mål 5, strategi 1: tatt vekk «der effekten er størst».*
- Mål 3, strategi 1) Vi legg til rette for friluftsliv der folk bur ved å prioritere turvegar og nærturområde, og synleggjer tilbod gjennom felles kanalar og styrka samarbeid. Tilbakemelding: Legg til universelt utforma. *Kommentar: Kravet om universell utforming gjeld uansett, og er ein føresetnad for å blant anna søke på tilskotsmidlar. Vert ikkje lagt inn.*

VURDERING:

Kunnskapsgrunnlaget, revisjon og endring av oppsett

- Endring av oppsett og korte ned KPS frå 34 sider til 15 sider vart gjennomført for å oppnå ein lesarvennleg samfunnsplan som òg styrkar planen som eit styringsverktøy.
- Informasjon om status og oppdatert kunnskap vart revidert og skilt ut i eige kunnskapsgrunnlag-dokument. Det vart tatt ei vurdering på at hovudpunkt frå oppdatert kunnskapsgrunnlag skal leggjast inn i revidert KPS, medan innsikt i konkrete tal og status kan lesast i eige kunnskapsgrunnlag. Dette for å få tydelegare fram overordna og gjennomgåande føringar og omsyn, mål og strategiar og arealstrategien.
- Reviderte mål og strategiar er basert på gjeldande KPS 2018-2030, oppdatert kunnskapsgrunnlag og vedteken planstrategi- og program. Hovudforskjellen på revisjonen er at ein har korta ned mål og strategiar til å vere meir spissa og i tråd med politiske prioriterte tema, i tillegg til at FN's berekraftsmål, samfunnssikkerheit og beredskap er meir gjennomgåane fokusert på.

Medverknad og inkomne uttalelsar

- Gjennomført medverknad er vurdert som brei og tilstrekkeleg for å legge revidert KPS ut på høyring og offentleg ettersyn.
- Vidare medverknad vil skje gjennom dei formelle høyringane, der det mellom anna skal planleggast dialogmøte med flyktningar, ungdomsrådet og næringslivet, som er ansett som viktige grupper i medverknaden. Elles er høyringa rekna som ein viktig del av medverknadsprosessen og dei folkevalde har ansvar for å representere innbyggjarane sine interesser.
- Medverknad frå næringslivet er vurdert som ikkje tilstrekkeleg og må difor følgast opp i høyringsperioden.
- Dokumenterte medverknadsprossessar gjennomført i samband med revidert KPS 2026-2036 vert lagt ved som vedlegg i kunnskapsgrunnlaget.

Ramme for innspel og uttalelsar i høyringsperioden til KPS 2026-2036

- I høyringsperioden for KPS 2026-2036 er det mogleg for innbyggjarar, næringsliv og frivillige til å påverke kommunen sin langsiktige utvikling.
 - Innspel kan sendast inn på to måtar: 1: skriv og send innspel til postmottak. 2: Svar på ein kort spørjeundersøking som publiserast på kommunen si heimeside om (1) Visjonen (2) Dei seks hovudsamfunnsmåla med tilhøyrande strategiar (3) satsingsområder som bør prioriterast (4) Konkrete forslag til endringar, presisering eller nye punkt i KPS 2026-2036.
 - Hugs: Samfunnsdelen er overordna og skal vere strategisk, ikkje detaljert.

- Det vert ikkje gitt svar på kvart enkelt innspel i høyringsperioden, men inngår i ein samla vurdering av planen.